



Geostien frå Rosendal til Øvre-Myrdal

ROSENDALSTIFTINGA 2015

Innholdsliste

Rosendal – rik på fornminne og kulturhistorie	4
Kulturlandskapet i Rosendal.....	6
Innvandrarar i floraen.....	8
Stadnamn og stolar	10
<i>Setragarden, Lunnabekk, Inngjerde, Øykjagarden, Utlereset</i>	10
<i>Åsvoll</i>	11
<i>Kjeldestøl, Hovda</i>	12
<i>Nysetre</i>	13
<i>Midtsetre</i>	14
Myrdal	16
Myrdalsvatnet – ei verd for seg.....	18
Den mystiske steinen	20
Auren – den viltre veslebroren	22
Norlihedlo, Kjeftasteinane, Klettabessen og Klettabesto.....	24
Vasetjødno.....	26
Augestikkarane – naturen sine superhelikopter	28
Frå Myrdalsstølen til Møsetjødno	30
Øvre-Myrdal – ei anna verd	32
Kven laga hol i steinen?	34
Med salt til sauene	36
Vatnet	38

Geostien frå Rosendal til Øvre-Myrdal.

Framsida foto: Jan Rabben

Rosendalstiftinga 2015



Rosendal



Bjønnaldsnuten
▲ 1201

Rosendal – rik på fornminne og kulturhistorie

Rosendal og bygdene rundt er ein svært rik fornminneregion, også i nasjonal målestokk. Dei eldste funna er Lundsmyrbuplassen i Omvikdalen (8500 før notid) og Skålabuplassen i Rosendal (7500 før notid).

Garden Skåla har vore busett i omlag 4500 år. I tidleg vikingtid var garden sete for høvdingar og småkongar. Saman med fem andre småkongerike mellom Seim i Nordhordland og Utstein nær Stavanger, utgjorde garden eit vestnorsk rike med ein overkonge på Avaldsnes. Etter «rikkssamlinga», år 872, kom garden i Harald Hårfagre si eiga med ein årmann til gardsstyrar og ombodsmann.


Kvinnherad kyrkje frå 1255. Etter 200 år vart stavkyrkja i gardstunet riven. Ei ny, større og vakker steinkyrkje vart bygd på Bjørkvoll i romersk/gotisk blandingssstil.

Gaut Jonsson på Mel (1190-1270) var ein av Håkon Håkonsson sine næraste menn. Kvinnherad kyrkje og Håkonshallen i Bergen er bygde i denne perioden. Gaut døydde 80 år gamal, og tradisjonen seier han vart gravlagd i Gautehaugen på Mel nær kapellet sitt.

Baroniet Rosendal. Ved giftarmål i 1658 mellom rikmannsdottera Karen Mowat frå Hovland på Tysnes og den fattige danske adelsmannen Ludvig Rosenkrantz fekk dei setegarden Hatteberg i bryllaupsgåva av faren Axel Mowat og mora Karen Bildt.

Hovudbygningen, slottet, stod ferdig i 1665. I 1678 vart godset deira, med setegardane Hatteberg, Mel og Seim, oppløft til lensbaroni. I 1749 vart godset stamhus. Stamhuseigar Markus Gerhard Hoff-Rosenkrone (1823-1896) var ein stillfarande, intelligent og klok mann. Han bygde ut, og dreiv garden fram til eit mønsterbruk. Hagen vart utvida i fleire steg i hans tid, og vart eit av dei mest harmoniske parkanlegg i landet. I dag er det Universitetet i Oslo som eig *Den Weiss-Rosenkroneske Stiftelse*. Frå 1980-talet og framover er det under sikker leiing og utrøyttelig arbeid av Anne Grete Honerød og Reidar Nedrebø utført omfattande vedlikehald og ei gjennomgripande revitalisering av Baroniet Rosendal.

Også **Malmanger prestegard** har ei historie som går langt attende i tid, kanskje like til 1200-talet. I tunet på garden er det 8 freda bygningar frå ulike tidsbolkar. Ein av dei mest markante og vidgjetne prestane på Malmanger gjennom alle år er Nils Hertzberg (1759-1841). Han var ein uvanleg kunnskapsrik og nysgjerrig person som var godt omtykt. Nils Hertzberg tileigna seg store kunnskapar innafor matematikk, fysikk, kjemi, landmåling, meteorologi og medisin. Dei meteorologiske dagbøkene han førte frå 1789 til 1840, og som han byrja på i Rosendal, er mellom dei eldste observasjonane av temperatur og lufttrykk vi har i Noreg. Kanskje var Nils Hertzberg Noregs fyrste klimaforskar?

 Kvinnherad kyrkje er eit nasjonalt kulturminne og eit vakkert signalbygg. Her saman med fossen og vatnet, grunnlaget for alt liv på Jorda.
Foto Thoralf Gjuvsland



Kulturlandskapet i Rosendal

Her finn vi eit jordbruksområde med veldrivne og velstelte bruk. Fulldyrka enger er den mest vanlege arealkategorien, i tillegg til tun, vegar, gjerde, alléar og klynger med tre. Dei to elvane, Hattebergelva og Melselva, er eit hovudelement i landskapet, nokre stader med tydelege nedskjeringar der Melselva har skore seg ned i terrenget, som ved Holebråtet. Langs elva og i skråningane i Holebråtet er det skog. Gråor er eit dominerande treslag. Enno finst der ein god del hassel, som i eldre tider vart verna om og brukt til band kring trekjerald og til hamleband m.m. Tre finn vi også i det elles opne jordbrukslandskapet, som rekker med tre i mange grenselinjer. Dei er ikkje skogar, dei er for smale til det, og dei har ingen verdi som skogsdrift, men dei er viktige av andre grunnar. Dei skapar variasjon i landskapsrommet, dei skapar habitatvariasjon og dei fungerer som korridorar for mange planter, insekt, fuglar og dyr. Utan desse korridorane hadde både plante- og dyrelivet i Rosendal vore mykje fattigare.

Vegkantane – viktige for det biologiske mangfaldet

Også vegkantane fungerer som korridorar. Dei er smale og langstrekte, men særst viktige for mangfaldet av artar i kulturlandskapet. Nokre av dei planteartane som var typiske for dei

gamle engene, har overlevd i vegkantane. Dei trivst ikkje lenger i dei tungt gjødsla engene som blir slått før villplantene klarer å få modne frø, men dei klarer seg fint i vegkantane. Vegkantane er eit refugium for desse artane. Døme er prestekrage, vendelrot, ryllik og blåklukke.



📷 Slike artar finn vi ikkje i moderne enger, men dei var faste innslag i dei gamle engene. I dag overlever dei i vegkantar og andre halv-naturlege habitat.
Foto Blåklukke og Eng. Jan Rabben




Innvandrarar i floraen

Det finst innvandrarar mellom plantene også. *Tunbalderbrå* er i dag vanleg i grusvegar og tun, men det er ein art som kom til Noreg i nyare tid. Det første kjende funnet i Noreg blei gjort i 1862. I 1880-åra dukka han opp på ballastplassar i Sør-Noreg, og frå ballastplassane spreidde han seg raskt langs vegar og trakk. I løpet av 1900-talet erobra han det meste av landet. Han kjem frå Aust-Asia, og er spreidd derifrå til Amerika og Europa. Dette skjedde berre på ein slump. Seglskutene trong ballast om dei ikkje hadde varer i lasterommet begge vegar. Ballast var stein dei henta og la frå seg på bestemte stader der dei segla, i Svartehavet, Australia, Argentina og i Noreg.

Ein annan innvandrar er *amerikamjølke*. Han veks i grøfter, bekkekantar og dårleg drenert mark. Som namnet indikerer, er det ein art som høyrer heime i Amerika, men som er innført til Europa med last. Han blei først oppdaga i Noreg i 1869, men har sidan spreidd seg til store delar av landet. Dette har skjedd steg for steg, men farten har auka dei siste tiåra. Det skuldast større overskot av kunstig tilført næring frå jordbruk og nitrogenrikt nedfall som kjem med nedbøren. Han er i slekt med vår heimlege krattmjølke, som er vanleg i kratt og skogkantar.

Innmark-/utmark-systemet

Eit viktig skilje i dalen går ved grensa mellom innmark og utmark. Grensa går like ovafor den øvste faste busetnaden. I det gamle jordbruket var innmark og utmark to sider ved same sak. Innmarka var dyrka med slåtteeng og åker; utmarka var beitemark om sommaren og ein stad dei henta vinterfôr og ressursar frå skogen. I det moderne jordbruket er den gamle koplinga mellom innmark og utmark broten. Før skjedde det ei overføring av fôr og energi frå utmark til innmark; i dag blir innmarka tilført dette frå kraftfôr og kunstgjødsel. Delar av utmarka blir framleis brukt til beite, no stort sett berre for sau, men ho har fått ein ny og forsterka bruk i form av friluftsliv og rekreasjon. Spora av tidlegare generasjonars bruk av utmarka, i form av stølar, stadnamn og andre kulturspor, gir naturopplevinga ein ekstra dimensjon.

 Mellom ballaststeinen var det også frø av planter frå ballastplassen, og frøa følgde med på turen til andre delar av verda. Slik kom tunbalderbrå til Noreg og etter kvart til Rosendal. Han er i familie med prestekrage, kamille og balderbrå, men manglar dei kvite kantkronene som desse har.
Foto Tunbalderbrå. Anders Lundberg



Stadnamn og stølar

Setragarden (uttale: Setragar'n)

Ferskekinn er namnet på morenehaugen her ved Setragarden. Fyrstelekken kan ha med substantivet ferdslø å gjera. Sistelekken – kinn viser til skråninga i framkanten. Den gamle skogsvegen gjekk over Ferskekinn. Setragarden skilde Setramarka frå Heimamarka. Steingarden kan vera frå 1600-talet. Han går frå elva til eggja. Setragardsle var ved Ferskekinn. Gardane Skåla og Vang hadde setrane Kjeldestøl, Hovda og Nysetre i Setramarka, og beitet vart brukt i minst 350 år fram til utmarksutskiftinga i 1952. Kvar vår skulle Setragardsleiet setjast i og Setragarden ettersjøast og vølast. Ansvar for dette gjekk på omgang. Dei som “hadde hagen”, kommanderte brukarane ut.

Lunnabekk (uttale: Ludnabekk)

Fyrstelekken, av substantivet lunne, av norrøn hlunnr, rund stokk. Dette er staden der dei la frå seg furutømmer og bjørkestrongar i lunne. Bekken i nærleiken har fått namn etter dette arbeidet.

Kolmile: 100 meter mot aust stod det under siste verdskrigen ei kolmile. Der brann dei trekol av bjørkekubbar til generatorar på person- og rutebilar.

Dinglo: Hengebru som knyter turvegane saman over Melselva. Første brua var laga av materialar som var stolne frå tyskarane i 1942/43. Ny bru vart opna 2. desember 1979. Turgruppa i Rosendal Turnlag, speidarane og andre eldsjeler stod for arbeidet.

Inngjerde (uttale: Innjere)

Fyrstelekken Inn- lar oss skjøna at denne staden ligg lengre inne i dalen enn bruka Gjerde heime på Mel. Andrelekken –gjerde fortel

oss at stykket har vore inngjerda slåttemark. På Inngjerde hadde dei fire Melsbruka slåtteeigar som dei slo på omgang. Ein lang, smal teig bar namnet Brednevinsrompo. Den fekk namnet etter eit skifte mellom to bygslarar. Prisen var ei flaske brennevin. Det var i si tid fire høyløer på Inngjerde. Murane etter éi av desse ser vi enno ca. 30 meter ned frå veggen heimom Inngjerdsbekken. Dei andre har kome bort under dyrking. Inngjerde vart nytta som slåttemark til på 1920-talet. Mykje peikar mot at Inngjerde var gardsbruk på 1300-talet. Som på Åsvodl vart Inngjerde øydegard etter svartedauden i 1349.

Øykjagarden (uttale: Øykjagar'n)


Norrøn eykr er det same som køyre dyr, hest. Øykjagarden med Øykjagardsle var frå gammalt av stengsel mellom hestebeitet i Øykjamarka innafor garden og kubeitet heimafor. Øykjagarden rakk frå Melselva og så høgt opp i lia som kyrne beita. Garden var bygd av gråstein, med strongar av bjørk og older på toppen. Etter at det kom kuseter på Midtsetre, vart øykjabeitet flytt innetter. Ny gard vart sett opp ved Utlereset. Namnet Stoene ved Myrdalsvatnet viser til hestebeiting der inne til fram på 1900-talet.

Utlereset (uttale: Utlere)

Førstelekken Utle-, fortel om eit le, eller ei grind mot utmarka. Andrelekken –reset viser til den låge moreneryggen tvers over veggen. I 1600- og 1700-åra gjekk det ein stein- og tregard over Utlereset. Garden var yttergrensa for Midtsetre-beitet då. Men jordvidda og dyretalet auka på Mel, Kletta og Eik, og beitet på Midtsetre måtte utvidast innetter mot Myrdalsvatnet. Etter den tid kom utleat og garden over Utlereset i forfall.

Åsvoll (uttale: Åsvodl)

Førstelekken er norrøn åss, høgdedrag. Sistelekken er norrøn vollr, grasslette, jordstykke med fast, jamn grasmark. Det var gard på Åsvoll i 1300-åra. Tunet låg ca. 75 m heimafor her vi står ved Åsvollsteinen. Stova låg på tvers av vegen med dørhella og dør i vestgavlen. I stova vart det funne 24 vevsteinar, tranlampe og spinnehjul. Alt var av kleberstein og vakkert laga. Garden kan ha vore i nærleiken av 10 mål då pesten gjorde han til øydegard i 1349. Då kom Åsvoll under Kvinnherad kyrkje. Bøndene på Skåla nytta jorda mot ei årleg godtgjersle. Ved salet av lagmannsgarden i 1803 fall Åsvoll attende til matrikkelgarden Skåla og vart del av den felles utmarka fram til utskiftinga i 1952. Åsvollsteinen har i alle tider vore naturleg kvileplass.



📷 Under dyrkinga i 1973 kom bonden over murar etter ei stove. Ho var 6 m lang og 4 m brei, og slik kan ho ha sett ut. **Illustrasjon** Ingvar Pettersen 2014

Kjeldestøl

Kjeldestøl ligg 388 meter over havet, i lia under Storhaug og Kjeldestølskaret. Her har det vore sju sel og ei tuft som ein ikkje kjenner historia til. Stølen var ein sommarstøl, og han var i bruk frå om lag 1600 til 1952. Som namnet seier, var det ei vasskjelde her, ei oppkome, rett aust for Jensaselet. Når denne vart skitna til, måtte ein henta vatn i Dekelsholet eller heime i Seldalen. Hotellbuskaper talde 2-3 mjølkekyr, dei andre hadde frå 5 til 10-11 kyr. På det meste var det 50-60 kyr som fann sommararbeite på Kjeldestøl.

Hovda

Hovdastølen på 405 meter over havet ligg turr og fin mellom små morenerygger der lia flatar ut mot Hovdamyra. Her var det fire sel i lafting og eitt i reisverk, og stølen var i bruk frå om lag 1600 til 1952. På det meste var det over 40 kyr på Hovda. Også her var det vasskjelder.



📷 **Kjeldestøl.** I 2008 vart det teke initiativ til restaurering av sela. Litt etter litt kjem dei på plass, og romslege som dei er, grunneigarane på Kjeldestøl, står husa opne som eit lunt og triveleg turmål, til glede for oss som ferdast her. Frå venstre: Torkjellsselet, Siriselet (bakom), Monsaselet, Peraselet (bak), Kristiansselet, Jensaselet (fremst) og Bjørkjesselet heilt til høgre. **Illustrasjon** Johs. L. Ness 1887

Nysetre

Talet brukarar på Skåla auka sterkt etter år 1600. Då kunne garden ha 8-12 leigendingar og husmenn. Største husdyrtalet finn vi i 1665 med 13 hestar, 110 kyr og ungdyr, og 68 sauer og geiter. Nysetre som ligg på 440 meter over havet, var «fullseter» fram til ca. år 1800, med smør og ost som dei viktigaste produkta. Då minka det av med ostekokinga. Kyrne var dei viktigaste husdyra og bruka dei beste beita i heimemarka og setremarka. Dei andre féslaga måtte haldast borte frå desse, stundom ved å leiga beite i Myrdal.

Nysetre ligg midt mellom Kjeldestøl og Hovda. Første namnelekkjen skal mogeleg sjåast i samanheng med mellomaldersetra Gamlasetre lengre heime i dalen. Nysetre vart truleg bygd først på 1600-talet, samstundes med Kjeldestøl og Hovda. Når kyrne hadde vore ca. fem veker på vårbeite i heimemarka, vart dei buførde til setrane ved jonsoktider, ca. 23. juni. Der var dei til ikring 20. juli. Etter å ha vore fire veker i heimemarka att, kom kyrne andre gongen til setrane ca. 20 august, og var der til midt i september. Dei tre setrane hadde om lag like mange kyr, men med ei lita overvekt til Kjeldestøl.

Vasskjelda låg under brotet nord for selet. Det skal ha vore Jensane, bnr 5, Torkjellane, bnr 11, og Kristiansfolka, bnr 19, som setra her. Dei to siste bruka kan ha flytt til Kjeldestøl i første halvdel av 1800-talet. Jensane heldt ut på Nysetre enno nokre år, men i 1876 fór dei òg til Kjeldestøl.



Nysetre ikring år 1750. Kaare Skaala 2014.


📷 Selet på Nysetre var det største i dalen. Dei innvendige måla var 4,20 m x 6 m. Kokeselet låg fram mot utedøra. Eldstaden var ei mura gruve på jordgolvet med gryta hangande over i ein skjerding. Det meste av røyken fór ut gjennom luka i gavlen av selet. Attåt koke- og liggjeselet var det to små kalvasel på setra.
Illustrasjon Kaare Skaala

Midtsetre (uttale: Mittsetre)

Midtsetre ligg på gamle skreder ved foten av lia, vel 100 meter frå Melselva. Setra vart teken i bruk på 1600-talet og hadde mogeleg seks sel dei neste 200 åra: eitt til garden Kletta og eitt til garden Eik, og fire til garden Mel. Alle sela hadde bakkemurar og torvtak. Dei åtte reisverksele er bygde etter år 1900. Midtsetre var for det meste «mjølkeseter» den tida ho var i bruk. Mjølka vart teken heim kvar dag og foredla der. Det kom separator på Midtsetre i 1920-åra.

Førstelekken i namnet plasserer Midtsetre mellom andre setrar. Det er om lag fire km frå Mel til Midtsetre, og like langt frå Midtsetre til sommarsetra Myrdal. Vi tenkjer oss at det var ikring 45 mjølkekyr av småvaksne vestlandsk fjordfe på Midtsetre utetter 1700-talet. I 1940-åra var talet mjølkekyr nærare 75, med sør- og vestlandsfe som den dominerande rasen. Ved jonsoktider vart kyrne frå dei tre gardane flytte frå heimestølane til Midtsetre. Sist i juli vart dei buførde til «fullsetra» Myrdal. I 1968 var det slutt med stølinga på Midtsetre. Då tok Hilmar Mehl i Johannssetlet kyrne sine heim som den siste.

📷 Nummereringa på teikninga viser kva gard og bruksnr. sela hørde til i 1960: 1. Gjerdesetlet Mel bnr 11, **2.** Bakkasetlet Mel bnr 12, **3.** Treselet Kletta bnr 3, **4.** Jensasetlet Mel bnr 1, **5.** Gjerdesetlet Mel bnr 9, **6.** Kviesetlet Mel bnr 10, **7.** Sigfussetlet Kletta bnr 1, **8.** Larsasetlet Mel bnr 4, **9.** Johannssetlet Mel bnr 2, **10.** Klettasetlet Kletta bnr 2, **11.** Eikesetlet Eik bnr 4, **12.** Eikesetlet Eik bnr 1 og 2, **13.** Gråtasetlet Mel bnr 5, **(14).** Tueseletlet Mel bnr 3, nedafor høgre kanten på teikninga. **Illustrasjon** Ingvar Pettersen 2014






Myrdal

Myrdal er, som mykje av naturen rundt oss, forma av is og vatn. Sjølve Myrdalsvatnet (374 moh.) er 2,8 kilometer langt, 1 kilometer breitt på det breiaste, med eit areal på 1800 dekar og største djup 68 meter. Ein låg endemorene demmer ved utløpet av vatnet, og Revsnesa fortel at også her gjorde Myrdalsbreen eit kort opphald under avsmeltinga før han drog seg attende til Myrdalsstølen. Trollgarden heimom Møsetjødno fortel at her gjorde breen ein ny framstøyt på slutten av istida. Området har vore i bruk i lange tider, til veiding, ved- og tømmerhogst, børsanking, fiske og sjølvsagt i samband med seterdrifta.

Myrdal var bygsla gard under setegarden Mel i mellomalderen. Men pest eller flaum kan ha gjort garden til øydegard. Frå 1723 er Mel, Kletta og Eik nemnde med seter ei mil inne i dalen. Her var eldhus og mjølka vart foredla til smør og ost.

Dei eldste hyttene er Prestahytto, oppført av presten Ole Weibust kring 1927, og Myrdalsstovo. Ståvo vart flytta frå Malmanger i 1911/1912 til bruk for geitastiet som tok til i 1909. Ho vart sett opp ved eldhuset, og seinare flytta til felles grunn i Vasen i 1936. Murar viser kor eldhuset og Myrdalstovo stod opphaveleg. Her hadde dei 70-80 geiter og 3-4 mjølkekyr å stella, og geitosten var stempla med "Myrdal ysteri" og namnet på eigaren.

 Hyttene langs vatnet er smålåtne, fint plasserte i terrenget og fortel om rekreasjonen i nøysame tider. **Foto** Myrdal. Jan Rabben





Myrdalsvatnet – ei verd for seg

Landskapet omkring Myrdalsvatnet er som ei verd for seg. Den mektige ryggen Norlifjell reiser seg mot vest og nordvest. Fjellet fangar solvarme slik at edellauskog (alm) finn vekststad 500-600 moh. Melderskin ligg trygt i aust og Norlifjellet stenger mot nord. Berre i sør er det opning, mot Rosendal og resten av verda. I heimstre del av Myrdalsvatnet dominerer vaksen furuskog, lengre inne tar bjørkeskogen over. I overkant av skogen ligg mektige rasurer.

Det står i kontrast til det flatlendte partiet Holmane ved nordre enden av Myrdalsvatnet. Her er det lettare tilgjengeleg, og området har vore i bruk i lang tid. Stadnamnet Myrdalsstølen fortel om det. Framleis er dette ein samlingsstad for sau, men tidlegare også for andre husdyr. Då bruken var meir intens enn i dag, var det lite og ingen skog i området, no er det meste skogdekt med bjørk. Her og der står gamle «bjørkekallar», einskilde tre som er mykje eldre enn dei andre. Dei sto opphavleg i eit elles ope beitelandskap; dei kan ha fungert som tuntre på stølen. Dei er dei eldste og mest erfaringstunge vesena i dalen i dag.


Myrdalsvatnet ser i første omgang ut som eit kaldt og sterilt vatn, men sterilt er det slett ikkje. Reint og fint, men ikkje sterilt. Strendene er for bratte til særleg kantvegetasjon, men mange stader er det ein rik undervassflora. Her veks artar som botnegras og tjørngras, ofte tett i tett på fin sandbotn. Dei gir liv til vatnet og er viktige både for hydrologien og for dyrelivet. Myrdalsvatnet er eit fint fiskevatn med si eiga aurestamme.

 Når du nærmar deg Myrdalsstølen inst i Myrdalsvatnet, ser det ut som om verda tar slutt. Herifrå er det berre ein veg, og den går tilbake. Heilt inne oppdagar du at det kanskje finst ei anna verd likevel, ein skjult dal som går mot søraust. Dalen tar til ved Holmane nede ved vatnet, stig gjennom Stora Brotet og vidare mot Øvre-Myrdal og Møsetjødno. **Foto** Anders Lundberg



Den mystiske steinen

Den mørke bergarten i steinen, ein amfibolitt, er den eldste delen. Den utgjorde ein gong taket til ei granittsmelte (magma) som trengte opp frå djupet. Bitar av amfibolitt sokk ned i granittmagmaet, men dei smelta ikkje fordi amfibolitten har høgare smeltepunkt enn granitten. Når granitten størknar, vil han difor innehalda slike kantete bitar av taket. På fagspråket kallast dei xenolittar, stundom kalla “gjester frå djupet”. Seinare har granitten sprukke opp fleire gonger og nytt granittisk magma har trengt inn i sprekkene – der har det størkna og blitt til ljose årer. Mange millionar år seinare har det heile kome til overflata, og ei blokk av dette fjellet har blitt rive laus av isbrear – og hamna til sist her ved Myrdalsvatnet. Amfibolitt forvitrar lettare enn granitt, og difor dannar det seg groper der amfibolitten er.

 Geolog Øystein J. Jansen ved den mystiske steinen. **Foto** Øystein Skaala




Auren – den viltre veslebroren

Namnet “aure” kjem av gammalnorsk *aurriði*, som fritt omsett tyder “den som jagar over grusbotnen”. Auren i Myrdalsvatnet og Melselva har vore til glede for små og store i generasjonar, like tilbake til steinalderen. Kva er meir spennande enn å fanga sin eigen fisk og så tilretta han etterpå over bålet? Myrdalsvatnet er plassen å starta. Ein rotur langs strendene med fiskestang eller oter gir garantert fine, små aurar, nok til å fylla ei eller fleire steikepanner. Og kanskje er du så heldig at det er ein av dei store som nappar! Sjølvfanga aure, surra i smør og rømme over grua, med sitron og poteter, alltid populært hos små og store.

Medan auren i Myrdalsvatnet lever heile livet i innsjøen, vandrar auren i Melselva mellom elv og sjø. Gjennom sommar og tidleg haust vandrar auren frå sjøen opp i Melselva der hofisken leitar seg fram til hølar som har grus med rett storleik. Ho undersøker grusen nøye med bukfinnane til ho har funne ein god plass for egga og yngelen. Hannfiskane følgjer interesserte med på dette og det kan gå hardt føre seg når fleire hannar konkurrerer om å befrukta egga til ei ho. Gjennom vinteren ligg det titusenviis av fine, oransje rognkorn nede i grusen i det iskalde vatnet og ventar på våren. Ørsmå hjarte


pumpar straumar av blod med næring og oksygen rundt i dei små fiskefostera. Tidleg på sommaren klekkjer egga, og når nistepakken han har fått med frå mora er brukt opp, søker yngelen opp mot ljøs og mat. Etter 3-4 år er ungane store nok til å dra ut i fjorden på leit etter mat. Når temperatur og vassføring aukar om våren, endrar aureungane åtferd og farge. Dei blir sølvfarga, søker selskap og samlar seg i stimar på veg nedover elva og ut i sjøen for å beita på krepsdyr, sild- og brislingyngel og svartkutlingar. Etter ein eller to somrar i sjøen vender dei tilbake til elva si, Melselva, for å gyta. Fram mot gytetida flyttar hannfisken raudt fargestoff frå musklane ut i skinnet og får den flottaste fargedrakta, medan hofisken flyttar desse fargestoffa over til rogna til beste for rogn og yngel. Auren er ettertrakta av sportsfiskarar over heile verda, og mange stader gir han grunnlag for rekreasjon, reiseliv og lokal verdiskaping. I Melselva og over delar av Vestlandet er sjøaurestammene sterkt svekka og difor freda.

 Auren er ein vakker fisk som kan ha mange ulike fargar, prikkmønster og levesett. I innsjøar og elvar er han ofte sølvgrå med gul eller kvit mage, med store svarte og raude prikkar, kvite rrender på buk- og gattfinnane og signalraude prikkar på feittfinnen. **Foto** Svein I. Opdal




Nordlihedlo, Kjeftasteinane, Klettabessen og Klettabesto

Kanskje har du ikkje tenkt på det før, men her vi er no, har berggrunn og geologiske prosessar lagt grunnlag for mange av namna. På begge sider av Myrdalsvatnet finn vi bratte fjellsider med store rasurer, Norlio under Norlifjell på nordsida av vatnet, og Kapelluro under Myrdalsnuten på austsida. På begge sider har store blokker losna og rasa like ned i vatnet. På nordsida er Norlihedlo eit døme på ei stor blokk som ligg like i vasskanten og som har blitt eit lokalt landemerke. På austsida er Kapelluro kjent som eit område med grov stein der det er vanskeleg å ta seg fram. Her finn vi Kjeftasteinane, to kjemper med vertikale sider ut mot vatnet, som skapar ekko og kjeftar tilbake på den som ropar. På ein liten kolle ved vatnet ligg ei mindre blokk, godt synleg når du ror langs vatnet, mest som eit altar å sjå til. Likeins finn vi her Klettabessen og Klettabesto, to store blokker som er hamna i vatnet og ligg så grunt at du ser dei godt når du ror over.



 **Foto** Norlihedlo. Jan Rabben



Vasetjødno – slik vart ho til

Vasetjødno er ei lita tjørn omkransa av brattare kantar enn vanlege tjørner. Her er inga elv som renn inn eller ut. Slike tjørner er danna ved at restar av isbreen som fylte Myrdal, blei isolert og dekkja av slam og grus frå breelvane. Restar av is som vert kalla daudisblokker blei liggjande igjen då isbreen smelta tilbake. Når daudisen smeltar, vil det danna seg groper som oftast blir fylt med vatn – og slik blei Vasetjødno til, for lenge sidan! Berggrunnen i dette området er finkorna granitt, men det finst også innslag av Melderskingranitten – grovare korna og lett kjenneleg!



Augestikkarane – naturen sine superhelikopter

Augestikkarane er vakre og godt synlege insekt med flotte fargar i blått, grønt og gult og ei suveren evne til presisjonsflyging. Du kan sjå dei mange stader rundt Myrdalsvatnet, og særleg ved Vasetjødno. Dei fire vengene kan manøvrerast uavhengig slik at han kan snu på ein femøring og oppnå ein fart på over 40 km/t. Både manøvreringssystemet og sjølve oppbygginga av vengene gjer dagens luftfartsingeniørar grøne av misunnning.

Augestikkarane er ei gammal dyregruppe som dukka opp lenge før dinosaurane. Den gongen kunne dei bli kjempestore med vengespenn opp til 75 cm, medan dei i dag er frå 2 til 18 cm. Egga klekkjer i vatn og der lever larvene 1-5 år, deretter går dei gjennom ei forvandling til eit vakse, flygande insekt som lever 1-2 månader. Augestikkarane er rovdyr som lever av andre insekt og småkryp som mygg og knott. Det finst mange artar av dei, kvar med sine tilpassingar og særtrekk, og vi deler dei i to grupper: vassnymfer, som er litt tynne med smale venger, og libeller, som er kraftigare og durar avgarde som eit helikopter.

Dei individuelt styrte vengene, eit 360 graders synsfelt og 30.000 fasettar i kvart auge, og ein spesialisert hjerne som kalkulerer fluktruta til byttedyra nøyaktig, gjer augestikkarane til presise jegerar som fangar opp til 97 % av dyra dei jaktar på.

Augestikkarane er knytte til vatn, og nokre artar er utryddingstruga på grunn av forureining og drenering av vassførekomstar. I nokre kulturar er augestikkar symbol på glede, mot og styrke og dei blir ofte nytta som symbol i ulike kunstformer. Mange stader er det egne foreiningar for entusiastar som registrerer og fotograferer augestikkarar.



📷 Ved Vasetjødno har vi sett to artar, Blågrøn augestikkar som vist på bilda, og vanleg augestikkar. Kanskje du finn fleire? **Foto** Jan Rabben



Fra Myrdalsstølen til Møsetjødno

Om lag ein halvtimes gange frå Myrdalsstølen (393 moh.) kjem vi til Vetlasetro. Her er ingen synlege restar etter stølshus, berre namnet fortel at dette har vore ein stad med beite for husdyr. Det har gått mange skreder gjennom Storedalen og over Vetlasetro og kanskje ligg det minne gøymt like ved stien vi går på?


Når vi er vel komne inn på flata i dalbotnen, etter eit par timars gange frå Myrdalsstølen, treff vi på restane etter setra i Øvre-Myrdal (729 moh.). Setra ligg over skoggrensa, og det må ha vore ein dryg tur med buskapen inn her. Truleg har setra vore i bruk nokre veker på seinsommaren, etter at snø og fonner hadde smelta og graset stod grønt, men ingen tradisjon kastar ljøs over den vide selmuren ved elva. Fram til 1885 var det bjørn i dette området. Peder H. Hertzberg, som var prest i Kvinnherad 1803-1830, fortel at det vart felt bjørn årleg. Bjørnen skremde, skamfor og drap bufe, og setrajentene gjekk nok ofte med angst for dette.

Bjødnahyttene

I dette området kjenner vi til tre bjørnehytter, små mura krypinn der bjørnejegerar hadde eit visst vern mot bamsen. Ei ligg øvst i Hytterinda heimom Storedalen, som ein forpost mot bjørn som kom gjennom Bjørnstig i Ænesdalen. Ei anna, bygd i ein liten halvring inntil ein stor stein, ligg eit lite børseskot opp frå setra i Øvre-Myrdal. Den tredje bjørnehytta ligg på sørsida av elva.

Frå denne hadde jegeren oversyn over setra og dalen. Om lag her måtte den bjørnen fara som kom frå eller skulle til Bjønndal. Enno kan ein finna restar av kol her, kanskje etter ein jeger som varma seg ved bålet.



 **Foto** Bjødnahytte. Morten Nygård. Haustfargar. Jan Rabben.





Øvre Myrdal – ei anna verd

Møsetjødno ligg under Bjønndalstindane. Vêr og temperatur her er ofte raskt vekslande. På solrike, vindstille dagar kan det bli godt og varmt, men fallvindar frå omkringliggjande, brenære område kan fort snu det heile til heilt andre og barskare tilhøve. Plantene som veks omkring Møsetjødno, er gode miljøindikatorar. Dei er tilpassa tøft og vekslande klima og skrinn jord. Artssamansetjinga er mykje lik den som var over store delar av Folgefonnhalvøya i tidleg postglasial periode, like etter at isen forsvann. Mosane spelar ei hovudrolle i økosystemet her, og dei er dominert av pionerartar, artar som kjem før alle andre. Dei er dei første som kjem, ikkje berre fordi dei kan spreia seg raskt, men fordi andre artar ikkje kan koma før pionerartane har lagt tilhøva til rette for etablering av andre artar. Pionerartane trivst på mineraljord og dei likar godt med sol. Det får dei her, for det er få buskar og ingen tre som skyggjer. Sandgråmose opptre i store, samanhengande og grøne teppe på sand- og grusdominerte flater. Snøleie er eit typisk trekk ved dette

alpine landskapet. På slike stader, der snøen ligg lenge og sommaren er kort, dominerer den staselege mosen krypsnømose. Ingen andre planter er dekt med snø så lenge gjennom året som denne. Ingen andre planter klarer seg med så kort vekstsesong og så lite næring som denne. Det einaste han vil ha, er jamn tilgang på vatn. Derfor er han fast inventar og dominant i dei ekstreme snøleia. Han har ingen konkurrentar.

Frå Myrdalsvatnet renn Melselva gjennom Melsdalen og gir liv til skog og beitemarker i øvre del av dalen og til eng og kulturlandskap i den nedre del av dalen. Elvane er livsnervene i landskapet, dei er føresetnader både for natur og kultur.

 Vatnet frå snøleia under Juklavasstinden, Bjønndalstindane og Juklavasskruno sildirar jamt og trutt ned til Møsetjødno, derifrå via Myrdalselvo til Myrdalsvatnet. **Foto** Møsetjødn. Jan Rabben



Kven laga hol i steinen?

I Øvre-Myrdal kan du fleire stader sjå små hol i granittblokker som isbreen har lagt frå seg (særleg i 1850-morenen). Slike hol kan bli danna ved såkalla selektiv forvitring, dvs. at nokre delar av bergarten forvitrar lettare enn andre. Hovudbergarten i området er granitt, som er ein motstandsdyktig bergart som forvitrar lite. Men dersom enkelte mindre motstandsdyktige mineralar i granitten klumpar seg saman, til dømes mørk glimmer, biotitt, så vil forvitringa angripa lettare der – og gje små hol på overflata.

Berget framfor siste morenerygg viser gode døme på sigdbrot (bogar med avskaling bak bogen) som viser retninga isen hadde, i bogen si retning – og parabelriss som går rett ned i berget og viser bogar i motsett retning.

Sterkare enn stein

I Øvre-Myrdal ser du fleire stader store blokker som isen har lagt frå seg. Mange er delt i to eller fleire delar – som skorpe med ein kjempestor kniv. Årsaka er frostsprenging – vatn som har trengt inn i tynne sprekkar i blokka, utvidar seg når det frys til is. På den måten vert blokka sprengt frå innsida – gong på gong når vatnet tinar og frys i sprekkene – heilt til blokka ein dag gir seg – og sprikk.



📷 Granitt med hol etter forvitra mineral. **Foto** Issprengt stein. Øystein Skaala



Med salt til sauene

Skal vi ta eit lite steg attende i tid, kanskje 50 år, til 1965? På Nerhustunet er dei oppe i fem-tida ein sundagsmorgon, Jon ser etter at alt utstyret er i orden og lesser det på hestekjerra. Haugi, den stødige fjordingen, får knaska på eit par eple medan Jon legg seletyet på, klappar og godsnakkar med henne. Det er høgsommar, fint vår, kyrne går og beitar på Åsvoll, og sauene som streifar rundt i Øvre-Myrdal må ha tilsyn. Dei saftige og næringsrike plantene på fjellbeitet gir god tilvekst og lamma legg godt på seg.

I dag vert det ein lang tur og ein lang dag, men kona Valborg og gutane Torkjell, Jostein og Edvard blir med, – det er godt selskap. Den bratte grusvegen svingar seg forbi kyrkja, vidare oppover forbi Skålastølen og til Åsvoll, der kyrne går. Her blir det stopp for å mjølka kyrne. Mjølkespannet blir sett til kjøling i ein kald bekk, før turen går vidare innover til Ludnabekk, over Langamyro forbi Heggdal og så til Myrdalsvatnet der robåten ligg klar.

Etter ein god halvtimes rotur, der gutane får kvila, kanskje sleppa snøret på fiskestonga uti, er det på med sekkane att, med niste og kaffi til dei vaksne og heimelaga saft til gutane. Det er langt for små gutar å gå til Øvre-Myrdal med mjøl og salt til sauene, men det er også spennande å sjå korleis lamma har det. Jon får ein lang tur for å sjå etter dei sauene som ikkje kjem dei i møte i Øvre-Myrdal. Kor mange er det å sjå? Vonleg har ingen gått i skørfeste, slik at ein må innatt med ekstra mannskap, fira seg ned med livet som innsats, berga dyra, fira dei trygt ned eller heisa dei opp for dei svelt i hel eller ramlar utfor fjellhylla. Etter kvart ber det heimover att langs Myrdalselvo, nedover forbi Vetla-Setro, ned til Myrdalsstølen, over

vatnet, heim til Åsvoll der kyrne ventar på å bli mjølka att. Så skal mjølka lessast på vogna før det ber heimatt til Nerhustunet seint på kvelden.

Over heile Vestlandet vart det halde utstillingar med vurdering og premiering av dei beste dyra. Det var fleire ulike sauerasar: sjevivot, spel, ryggjasau, dalasau, oxforddown og suffolk, kvar med sine særtrekk. Meinigane var sterke om kva rase som var best. Slik var det også i Rosendal, og dei ivrigaste reiste langt for å stilla ut, eller for å sjå etter fine dyr. I 1958 hadde Jon beste sau på utstillinga med over 1000 dyr på Voss, – det var stas. Slike dyr var verdfulle, og denne vart med heimatt til Nerhustunet.






📷 Utmarksressursane, også dei som no er del av nasjonalparken eller landskapsvernområda, var svært viktige. Når det var fint vær, var dei kjelde til gode opplevingar, men slik var det ikkje alltid. Det var alltid spennande når sauene vart henta heim frå fjellet om hausten. Då vart det varmt og trygt og liv i sauehuset att. **Foto** Med sauene. Torkjell Nerhus

Vatnet

Dette vatnet som fell som regn eller snø på Juklavasstinden, Bjonndalstindane, Juklavasskruno, Omnen og dei andre landemerka våre, på lier og dalføre, og sildirar og renn ned gjennom vassdraget, er på evig reise. Her er vi midt i vatnet sitt krinslaup på Jorda, der det reiser mellom himmelen, breane, vassdraga og grunnvatnet vidare til havet, – og attende til himmelen. Meir enn to tredelar av overflata på Jorda er dekkja av vatn. Ingen andre planetar vi kjenner har slike mengder med vatn, og alle livsformer og alle menneskesamfunn er avhengige av vatnet. Folgefonnhalvøya er eit av dei mest nedbørsrike områda i Europa. Rundt oss i dette området ser vi lett korleis vatn i flytande eller fast form har forma landskapet, korleis det held liv i dalføra og samstundes pyntar landskapet, – som “sylvet på bunaden”. Alle stader kavar menneska for å sikra seg eigedomsrett til vatnet, anten det er ferskvatn som fossar nedover fjellsidene eller saltvatn som strøymer langs kyst og fjord, – og alltid vil ein ha meir. Slik er det også her på våre trakter. Men frå Møsetjødno og Juklavatnet, ned gjennom Myrdalselvo, får vatnet gjera som det vil, som det har gjort i tusenvis år, kasta seg utfor stupa, leika seg nedover dei mjuke svaberga, ta nokre rundar i ein freistande, kjøleg, grøn kulp, før det fer vidare i krinslaupet. No er vi i nasjonalparken vår, som framsynte menn og kvinner gav oss, alle små og store, som no og om tusen år treng å henta kveik slike stader.

 Vatnet er på evig reise mellom havet, himmelen og landjorda, og alle livsformer og alle menneskesamfunn er avhengige av vatnet.
Foto Trolldans ved Myrdalselvo. Tore Furdal





ROSENDAL TURNLAG



FOLGEFONNA
INFORMASJONSSENTER

Tlf. 53 48 31 00 / 53 48 42 80

REDAKSJON: Øystein Skaala (hovudredaktør), Anders Lundberg, Øystein J. Jansen, Jan Rabben, Kåre Eik, Morten Nygård, Leiv Guddal, Kaare Skaala.

DESIGN: Oktan Stord PRINT: Bodoni

SKRIFTLIGE KJELDER:

Skaala Kaare. 1998. Når toгна talar.

Skaala Kaare. 2008. Når namn viser veg.

Skaala Kaare. 2011. Skåla og Melsdalen. I: Stølar og sætrar i Kvinnherad. Kvinnherad Mållag.

Takk Mette Hjelmeland, Kvinnherad kommune, for arbeid med kart.

Takk til grunneigarar og til Gjensidigestiftinga, Sparebank-1 Stiftinga Kvinnherad og Turgruppa i Rosendal Turnlag for støtte.



ROSENDALSTIFTINGA

Postboks 190, N-5486 Rosendal

Tlf. 476 27 878 / 489 94 213

www.rosendalstiftinga.no

folgefonna@rosendalstiftinga.no